

Tevlingsreglement for tevlingar i regi av FolkOrg – organisasjonen for folkemusikk og folkedans.

Revidert av styret i FolkOrg 21.03.2013

A. Generelle reglar

1. Føremål

FolkOrg og medlemslaga kan skipe til tevlingar for å styrke folkemusikken og folkedansen i Noreg. Føremålet med tevlingsa er:

- Å gjere songen, musikken og dansen betre kjend
- Å lage ein møtestad for vener av norsk folkemusikk og folkedans
- Å motivere dei aktive til å betre prestasjonane sine
- Å styrke dei lokale tradisjonane rundt om i landet og mangfaldet i folkemusikken og folkedansen.

2. Gyldigheit

Reglane gjeld for alle tevlingar i regi av FolkOrg eller medlemslaga. Medlemslaga kan gjera unntak frå regelverket eller andre former for tilpassing av regelverket for sine arrangement.

3. Ansvar

- Styret i FolkOrg er hovudansvarleg for reglementet og har det avgjerande ordet i eventuelle tvistar i samband med reglementet.
- Styret i FolkOrg kan gjere unntak frå dette reglementet ved einskildvedtak.
- Arrangørar av lokale kappleikar har sjølv ansvar for tilpassing av reglementet, gjennomføring av det enkelte arrangement og for eventuelle tvistar om arrangementet.
- Den lokale arrangøren har ansvaret for å leggje tilhøva til rette slik at både den musikalske og tekniske gjennomføringa av tevlingsane er sikra på best mogleg måte, og for at utøvarane blir sleppte fram på scena i følgje reglementet.

4. Utøvarane

- Alle deltakarane på tevlingar i regi av FolkOrg må vere medlemmer i FolkOrg.
- Utøvarane godtek så vel desse føresegnene, vilkåra for dømming samt domarane sin dom når dei deltek på tevlingar i regi av FolkOrg.
- Det er same avgift per deltakar og per klasse anten ein deltek i lagdans, lagspel, grupper, open klasse, pardans eller individuell tevling. Juniorar/c-klassingar har lågare deltakaravgift enn seniorar/-D, -B, og -A klassingar.
- Synleg rusa utøvarar blir nekta å delta.
- Junior og C-klassene er for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 til og med det kalenderåret dei fyller 18 år.
- Juniorar og C-klassingar kan stille i klasse senior om dei ønskjer det, men dei kan ikkje stille i begge klassar m/unntak av lagdans og lagspel.
- I klassene for junior lagspel, junior samspel og junior lagdans kan deltakarane vere yngre enn 12 år. Ingen over 18 år kan delta i desse klassane. Det vert ikkje gjort unntak for musikalsk leiar/danseleiar.
- Det er ikkje høve til å delta i same klasse meir enn ein gong med same instrument. Dette gjeld i alle klasser med unntak av to spesialhøve i klassa lagspel og eit spesialtilhøve under gruppespel på Landsfestivalen: 1) ein gongs deltaking i definerte studentspelemannslag i tillegg til anna lag, og 2) ein leiar i eitt lag kan vere med som vanleg lagspelar i eitt anna lag. 3) Ein kan stille med same instrument i gruppespel to gongar t.o.m. landsfestivalen i 2013 (prøveordning).

5. Tevling

- Tevlingsnummer på tevlingar i regi av FolkOrg skal vere folkemusikk som har vore i tradisjonell bruk i Noreg, eller som er laga av norske komponistar i tradisjonell stil.

6. Dømming

- Kvar tevlingsgrein blir dømt av tre dommarar.
- Det er FolkOrg som set saman dommarkollegia på Landskappleiken og Landsfestivalen.
- Styret i FolkOrg utarbeider dommarskjema som skal nyttast i dei ulike klassane.
- Dommarane kan ikkje dømme soloutøvarar og pardansarar dei er i nær slekt med og blir da rekna for inhabile. Som nær slekt reknast: foreldre, besteforeldre, barn, søsken,

ektefelle/sambuar.

- Dommarane har ikkje høve til sjølve å seie seg inhabile av andre grunnar t.d. venskap, lagstilknytning og liknande.
- Ingen dommarar er inhabile til å dømme lag eller grupper.
- Ein inhabil dommar forlet lokalet under døminga av den aktuelle deltakaren. Den samla poengsummen frå dei dommarane som sit att, blir delt på det tal dommarar som faktisk har dømt og multiplisert med talet på fullt dommarkollegium.
- Ein dommar kan ikkje sjølv delta i den tevlingsgreina han er medlem av dommarkollegiet for.
- Alle klassane skal ha plassiffer og poengsummar for alle deltakarane, med unntak av open klasse under Landskappleiken og danseklassa under Landsfestivalen.
- Ingen deltakarar har krav på munnlege, eller skriftlege kommentarar utover poengsum og rangering.

7. Finalar

- Styret i FolkOrg i samråd med lokal arrangør bestemmer år for år kva for klasser det skal vere finale i. Dersom Slottet tildeler FolkOrg Kongepokal i ei klasse lyt det vera finale i denne klassa.
- Prinsipielt kan det vere finale i alle klassar, men klassen må ha minimum 7 deltakarar for at det skal bli arrangert finale.
- Finalistane tek ikkje med seg poengsummen frå kvalifiseringa inn i finalen.
- Resultatet av finalen blir offentleggjort m/plassiffer og utan poengsummar.
- Det er to typar finalar: Konsertfinale (publikum sit) og Dansespelefinale (publikum dansar)

8. Premiering

- Alle juniorane skal ha deltakarpremie. For seniorklassene avgjer lokal arrangør om det skal vere deltakarpremie.
- Kun dei tre beste i kvar klasse skal ha premiar.
- I pardans skal paret ha kvar sin premie.
- I alle klasser der det er finale, skal dei tre beste ha pengepremie. Pengepremiene kjem i staden for anna premie. Storleiken på pengepremien blir vedteke av lokal arrangør i samråd med styret i FolkOrg.
- FolkOrg søkjer Slottet om Kongepokal kvart år. Klassen det vert søkt om Kongepokal i rullerar. Det er finalistane i A-klasse/seniorklassa i den klassa som Slottet har gjeve Kongepokal til som konkurrerar om Kongepokalen.

B. Landskappleiken (NM i folkemusikk og folkedans)

Føremål: Landskappleiken skal bidra til å ta vare på og styrke dei eldste vokal-, spel-, og danseformene det er tradisjon for i kvart distrikt.

9. Tevlingsnummer på Landskappleik

- Under Landskappleiken syng/spelar ein - eller dansar til - bygdemusikk eller dei eldste slåtteformene frå eit tradisjonsområde, innanfor den avgrensinga som er gjeve i kap. 5.

10. Klasseinndeling på Landskappleik

Det blir tevla i følgjande klassar:

| | | | |
|--|------|------------------|---------------|
| Vanleg fele | solo | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Hardingfele | solo | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Vokal folkemusikk | solo | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Eldre folkemusikkinstrument: Langeleik | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Eldre folkemusikkinstrument: Munnharpe | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Eldre folkemusikkinstrument: Fløyter | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Andre eldre folkemusikkinstrument | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Durspel | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Grupperpel | | junior og senior | Konsertfinale |
| Lagspel | | junior og senior | Konsertfinale |
| Open klasse | | | Konsertfinale |
| Pardans hardingfele | | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Pardans vanleg fele | | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Lausdans | | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Lagdans | | junior og senior | Konsertfinale |

Deltakarane i soloklassene på fele/hardingfele/lausdans/vokal og pardans blir delt i klassar:

- Klassane er definert slik:

- Klasse A for dei som gjennom 2 Landskappleikar i klasse B har dokumentert at dei er kvalifiserte for denne klassen.
- Klasse C og junior for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 år til og med det kalenderåret dei fyller 18 år.
- Klasse D for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 60 år.
- Rekrutt for deltakarar til og med det kalenderåret dei fyller 11 år. På Landskappleiken er det ingen rekruttklasse.
- Klasse B for alle andre.
- A-klassingar som ikkje har stilt opp på Landskappleik i over 5 år, kan velje om dei deltek i klasse A eller klasse B.
- Deltakarar over 60 år kan velje om dei vil delta i klasse D eller i den klassen dei tidlegare har delteke i.
- Dommarane vurderer opprykk frå klasse B til klasse A til framtidige kappleikar.

11. Tevling i spel

- Utøvarane kan spele 2 slåttar eller fleire slåttar i 2 kuler med maksimum 5 minutt speletid per kule. Dei skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter.

Lagspel

- I lagspel skal fele, hardingfele eller eldre folkemusikkinstrument vera berande instrument med minimum 5 personar på det berande instrumentet, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.

Grupperespel

- Grupper er definert som 2 – 4 personar som spelar same instrument.
- Gruppene kan stille med hardingfele, fele og eldre folkemusikkinstrument.

Eldre folkemusikkinstrument

- Alle instrumenta deltar i ei blanda startrekkefølge i same tevling, men resultatlistene blir sortert ut frå instrumenttypar.

Dansespel

- På Landskappleiken skal det vere faste dansespeleprisar for både dans til fele og dans til hardingfele.
- Det er dansedommarane som deler ut prisane til beste dansespelemann som spelar for dansepar i tevling

12. Tevling i vokal folkemusikk

- I vokal folkemusikk er framføringstida ca. 2-6 minutt for å få nokolunde likt samanlikningsgrunnlag. Dersom visa er lang, er det nok med ei.
- Ein skal ikkje nytte skriftleg hjelpetekst.

13. Tevling i dans

Pardans

- Paret blir dømd samla.
- I pardans kan ein delta med to dansar, men da må dansane vera i ulik taktart.
- Frå dei områda som har tradisjon for stutte dansar, kan det framførast fleire dansar etter kvarandre. Maksimum tid: 5 min.
- I juniorklassen er det høve til å danse m/følgje, men følget må i så fall også vere junior. I seniorklassen er det ikkje høve til å danse m/følgje. D-klassingar har høve til å dansa med fylgje (d.v.s at berre ein av deltakarane er påmeld til tevlinga)
- Det er høve til å stille med erstattar ved forfall frå 1 dansar i paret.
- Utøvarane kan bli pålagt å danse fleire par samtidig på scena.
- Tevlinga i dans er avgrensa til bygdedansane.

Lagdans

- Minimum 5 par - maksimum 10 par, evt. minimum 5 – maksimum 10 lausdansarar.
- Ein seniordansar får danse i lagdans berre ein gong.

14. Open klasse

- I open klasse vil ein oppmode til å bruke så vel eldre samspeleformer og instrumentsamansettingar som nytenking og eksperimentering. Klassen er for både solo og samspele. Det skal ikkje vere noko avgrensing i instrument. Max tid pr. startnummer er 6 min.

- Open klasse omfattar også dans, -solo, pardans eller grupper.
- I open klasse blir minimum dei 3 beste, eller om lag 1/3, rangert. Dei resterande blir sett opp urangerte i alfabetisk rekkefølge.

15. Finale under Landskappleiken

Konsertfinale (publikum sit)

- I dei klassane det er finale i, skal dei 3 beste frå den ordinære tevlinga i A-klassane/seniorklassane tevla i ein finale om den innbyrdes rekkefølga.
- I finalen framfører dei 2 melodiar, og utøvarane kan ikkje nytte noko av det repertoaret dei brukte i kvalifiseringa.
- Dei skal sjølve presentere kva dei skal framføre.
- I danseklassane det er finale i, skal dei 3 beste frå kvalifiseringa i A-klassane delta i ein finale for å avgjere den innbyrdes rekkefølga.
- Finalistane må danse same dans som i kvalifiseringa.

C. Landsfestivalen i gammaldansmusikk (NM i gammaldans)

Føremål: Landsfestivalen i gammaldansmusikk skal bidra til å ta vare på og styrke gammaldansen det er tradisjon for i kvart distrikt.

16. Tevlingsnummer på Landsfestival

- Under Landsfestivalen spelar ein den eldste gammaldansmusiken frå eit tradisjonsområde innanfor den avgrensinga som er gjeve i kap. 5. Ein oppfordrar til å spela dansbar musikk.

17. Klasseinndeling på Landsfestival

Det blir tevla i følgjande klassar:

| | | |
|-----------------------|------------------|-----------------|
| Solo durspel | Senior og junior | Dansespelfinale |
| Solo fele/hardingfele | Senior og junior | Dansespelfinale |
| Solo andre instrument | Senior og junior | Dansespelfinale |
| Samspel junior | Junior | Dansespelfinale |
| Lagspel | | Dansespelfinale |
| Grupper | | Dansespelfinale |
| Pardans | Senior og junior | Konsertfinale |

- Junior for deltakarar frå og med det kalenderåret dei fyller 12 år til og med det kalenderåret dei fyller 18 år.

18. Tevling i spel

- Utøvarane kan spele 2 slåttar eller fleire slåttar i 2 kuler med maksimum 5 minutt speletid per kule. Dei skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter.

Lagspel

- I lagspel skal fele, hardingfele eller eldre folkemusikkinstrument vera berande instrument med minimum 5 personar på det bærande instrumentet, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.

Gruppespel

- Grupper er definert som minst 2 personar.
- For grupper er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.
- Ein kan stille med same instrument to gongar t.o.m. landsfestivalen i 2013.

Samspel junior

- Samspel junior er definert som minst to personar
- For samspel junior er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.
- Ein kan ikkje stille med same instrument to gonger i samspel junior.

19. Tevling i dans

Pardans

- Paret blir dømd samla.

- Det er maks 9 par i kvar av kvalifiseringsrundane.
- Paret skal under kvar runde danse 4 dansar; pols/masurka, reinlender, vals og polka.
- Para blir delt i kvalifiserings- og finalerundar etter om dei skal danse pols eller masurka. Elles blir parfordelinga trekt.
- Det skal vera minimum to grupper som spelar til tevlinga. Både pols og masurka tradisjonen skal vera representert. Gruppene vert valde ut av lokal arrangør i samråd med FolkOrg.
- Finalistane kan bli tekne frå alle kvalifiseringsrundane.
- Det er ikkje høve til å danse m/følgje.
- Det er høve til å stille med erstattar ved forfall frå 1 dansar i paret.

20. Finalar i spel under Landsfestivalen i gammaldansmusikk

- Finaleforma for alle klassane under Landsfestivalen med unnatak av danseklassa er dansespelfinale (publikum kan danse).
- I ei dansespelfinale spelar utøvarane ein finaleomgang til dans for publikum. Talet på finalistar i kvar klasse blir rekna ut etter faktisk deltakartal, korkje fleire eller færre :
 - Frå 7 – 10 3 finalistar
 - Frå 11 – 20 4 finalistar
 - Frå 21 – 30 5 finalistar
 - Frå 31 → 6 finalistar.
- Soloklassar spelar fire slåttar til dans i finalen.
- Grupper og lag spelar 6 slåttar til dans i finalen – der den første slåttan er lydprøve.
- I junior samspel spelar ein 4 slåttar til dans i finalen – der den første slåttan er lydprøve.
- Melodiar brukt i kvalifiseringa kan også nyttast i finalen.

21. Finale i dans under Landsfestivalen:

- Talet på finalistar i kvar klasse blir rekna ut etter faktisk deltakartal, korkje fleire eller færre :

- Frå 7 – 10 3 finalistar
- Frå 11 – 20 4 finalistar
- Frå 21 – 30 5 finalistar
- Frå 31 - 40 6 finalistar
- Frå 41 - 50 7 finalistar
- Frå 51- 60 8 finalistar
- Frå 61 → 9 finalistar

- Kun dei tre beste i finala vert offentleggjorde. Desse skal ikkje ha poengsum. Dei resterande deltakarane i finala vert satt opp i alfabetisk rekkjefølgje.

D. Samanslått arrangement - Landskappleiken

Dette tevlingsoppsettet og desse tevlingsreglane skal nyttast dersom ein eit år kun har arrangør til anten Landskappleiken eller Landsfestivalen i gammaldansmusikk. Namnet på arrangementet skal vera Landskappleiken. I tevlingsreglementet nyttar ein uttrykket «samanslått arrangement».

Føremål: Det samanslåtte arrangementet skal bidra til å ta vare på og styrke dei eldste vokal-, spel-, og danseformene og gammaldansen det er tradisjon for i kvart distrikt.

22. Tevlingsnummer på samanslått arrangement

Under det samanslåtte arrangementet kan ein både spele/syngje – og danse til bygdedansmusikk og dei eldste gamaldansformene frå eit tradisjonsområde innafor den avgrensinga som er gjeve i kap. 5

23. Klasseinndeling under samanslått arrangement

Det blir tevla i følgjande klassar:

| | | | |
|--|------|------------------|-----------------|
| Vanleg fele | solo | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Hardingfele | solo | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Vokal folkemusikk | solo | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Eldre folkemusikkinstrument: Langeleik | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Eldre folkemusikkinstrument: Munnharpe | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Eldre folkemusikkinstrument: Fløyter | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Andre eldre folkemusikkinstrument | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Durspel/Trekkspele | solo | junior og senior | Konsertfinale |
| Grupperespel | | Senior | Dansespelfinale |
| Samspel junior | | junior | Dansespelfinale |
| Lagspel | | junior og senior | Konsertfinale |
| Open klasse | | | Konsertfinale |
| Pardans hardingfele | | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Pardans vanleg fele | | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Lausdans | | A – B – C – D | Konsertfinale |
| Pardans gammaldans | | Junior og senior | Konsertfinale |
| Lagdans | | junior og senior | Konsertfinale |

For definisjonar av utøvarar og klassar sjå punkt 4 og kulepunkt 10.

24. Tevling i spel

- Utøvarane kan spele 2 slåttar eller fleire slåttar i 2 kuler med maksimum 5 minutt speletid per kule. Dei skal leggje vekt på å syne rikdom i slåttetilfang og bør spele slåttar i ulik taktart eller med ulik karakter.

Eldre folkemusikkinstrument

- Alle instrumenta deltar i ei blanda startrekkefølge i same tevling, men resultatlistene blir sortert ut frå instrumenttypar.

Grupperespel

- Grupper er definert som minst 2 personar.
- For grupper er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.

Samspel junior

- Samspel junior er definert som minst to personar
- For samspel junior er det ingen avgrensingar med omsyn til instrumenttypar.
- Ein kan ikkje stille med same instrument to gonger i samspel junior.

Lagspel

- I lagspel skal fele, hardingfele eller eldre folkemusikkinstrument vera berande instrument med minimum 5 personar på det bærande instrumentet, men utover dette er det ingen avgrensingar i type instrument.

Dansespel

- På Landskappleiken skal det vere faste dansespelprisar for både dans til fele og dans til hardingfele.
- Det er dansedommarane som deler ut prisane til beste dansespelemann som spelar for dansepar i tevling

25. Tevling i vokal folkemusikk

- I vokal folkemusikk er framføringstida ca. 2-6 minutt for å få nokolunde likt samanlikningsgrunnlag. Dersom visa er lang, er det nok med ei.
- Ein skal ikkje nytte skriftleg hjelpetekst.

26. Tevling i dans

Pardans fele/hardingfele

- Paret blir dømd samla.
- I pardans kan ein delta med to dansar, men da må dansane vera i ulik taktart.
- Frå dei områda som har tradisjon for stutte dansar, kan det framførast fleire dansar etter kvarandre. Maksimum tid: 5 min.
- I juniorklassen er det høve til å danse m/følgje, men føljet må i så fall også vere junior. I seniorklassen er det ikkje høve til å danse m/følgje. D-klassingar har høve til å dansa med fylgje (d.v.s at berre ein av deltakarane er påmeld til tevlinga)
- Det er høve til å stille med erstattar ved forfall frå 1 dansar i paret.
- Utøvarane kan bli pålagt å danse fleire par samtidig på scena.
- Tevlinga i dans er avgrensa til bygdedansane.

Pardans gammaldans

- Paret blir dømd samla.
- Det er maks 9 par i kvar av kvalifiseringsrundane.
- Paret skal under kvar runde danse 4 dansar; pols/masurka, reinlender, vals og polka.
- Para blir delt i kvalifiserings- og finalerundar etter om dei skal danse pols eller masurka. Elles blir parfordelinga trekt.
- Det skal vera minimum to grupper som speler til tevlinga. Både pols og masurka tradisjonen skal vera representert. Gruppene vert valde ut av lokal arrangør i samråd med FolkOrg.
- Finalistane kan bli tekne frå alle kvalifiseringsrundane.
- Det er ikkje høve til å danse m/følgje.
- Det er høve til å stille med erstattar ved forfall frå 1 dansar i paret.
- Kun dei tre beste i finala vert offentleggjorde. Desse skal ikkje ha poengsum. Dei resterande deltakarane i finala vert satt opp i alfabetisk rekkjefylgje.
- Talet på finalistar blir rekna ut etter faktisk deltakartal etter same reglar som under dansespeelfinale under kulepunkt 19.

Lagdans

- Minimum 5 par - maksimum 10 par, evt. minimum 5 – maksimum 10 lausdansarar.
- Ein seniordansar får danse i lagdans berre ein gong.

27. Open klasse

- I open klasse vil ein oppmode til å bruke så vel eldre samspelformer og instrumentsamansettingar som nytenking og eksperimentering. Klassen er for både solo og samspel. Det skal ikkje vere noko avgrensing i instrument. Max tid pr. startnummer er 6 min.
- I open klasse blir minimum dei 3 beste, eller om lag 1/3, rangert. Dei resterande blir sett opp urangerte i alfabetisk rekkefølge.

28. Finalar under det samanslåtte arrangementet

Ved konsertfinale sjå punkt 15. og 21.

Ved dansespeelfinalar sjå punkt 20.